



Avtalepartar

Innspel jordbruksforhandlingar 2012

Landbruksvikarordninga

Dette er ei svært god ordning for bøndene, tilsette og avløyssarлага.

- **Tilskott til administrasjon**
Tilskotet pr årsverk til landbruksvikar må aukast i takt med kostnadsutviklinga. Kostnaden til opplæring, kompetanseheving, praksis og etterutdanning av landbruksvikarane må bli ein del av tilskotet og ikkje belastast administrasjonstilskotet.
- **Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga**
Tilskott pr. årsverk landbruksvikar har stått i ro sidan 2009, medan eigenbetaling har stege i takt med dagsats under sjukdom. Dette medføre ei dyrare ordning for gardsbruk som ikkje har full dagsats.
- **Fordeling av overskott/underskott**
Overskott i ordninga vert i dag trekt inn, medan underskott må dekkjast av avløyssarлага. Det må vera råd å sjå overskott /underskott over fleire år, minimum 3, helst 5 år.
- **Fordeling av unytta årsverk**
Unytta årsverk må kunne omfordelast innan fylket og mellom fylker. Det må arbeidast for å få lik sakshandsaming og tolking av reglane i fylka.
- **Eigenmelding for bønder bør takast opp til ny vurdering.**

Sjukdom

- **Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga**
For å ta att tidlegare tap i kostnadsutviklinga bør tilskott pr. dag under sjukdom i år aukast til kr. 1.600,-. Satsen må kvart år etter dette følgja kostnadsutviklinga.
- **Avkorting mot andre lønsinntekter**
For å få likehandsaming bør samordning av tilskott med lønsinntekt utanfor garden takast vekk.
- **Forskrifta må tilpassast folketrygda**
Regelverk må følgje endringar i folketrygda, spesielt gjeld dette ved svangerskapspermisjon. Dette er eit viktig moment med tanke på rekruttering av unge til næringa.
- **Krav til næringsinntekt for nyetablerte**
Nyetablerte må sleppe krav til næringsinntekt for å få tilskott under sjukdom. Dette er og eit viktig moment med tanke på rekruttering av unge til næringa.

Ferie/fritid

- **Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga**
For å ta att tap i kostnadsutvikling bør tilskott ferie/fritid aukast til kr. 75.000,-. Satsen må kvart år etter dette følgja kostnadsutviklinga.
- **Ekstra utbetaling av tilskott ferie/fritid**
Det bør innførast ei ekstra dokumentert utbetaling i februar, med søknad i august, for medlemmer av avløyssarlag.

Sjå vedlegg for meir utfyllande informasjon



Vedlegg

Landbruksvikarordninga

For vidare utvikling av ordninga er det viktig å sjå på følgjande;

Tilskott til administrasjon

Tilskotet pr. årsverk til landbruksvikar må aukast i takt med kostnadsutviklinga. Kostnaden til opplæring, kompetanseheving, praksis og etterutdanning av landbruksvikarane må bli ein del av tilskotet og ikkje belastast administrasjonstilskotet.

- Ein landbruksvikar skal kunne gå inn og overta drifta på eit gardsbruk i akutte situasjonar. Kompetansen må til ei kvar tid vere på eit nivå som kan takle ulike produksjonar. Kontinuerleg opplæring og kompetanseheving er kostbart. I dag vert kostnaden belasta som ein del av administrasjonstilskottet, noko som tar store deler av dette tilskottet. Administreringa av ordninga er arbeidskrevjande.

Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga

- Tilskott pr. årsverk landbruksvikar har stått i ro sidan 2009, medan eigenbetaling har stige i takt med dagsats under sjukdom. Dette medføre ei dyrare ordning for gardsbruk som ikkje har full dagsats.

Fordeling av overskott/underskott

Overskott i ordninga vert i dag trekt inn, medan underskott må dekkjast av avløyssarlaga. Det må vera råd å sjå overskott /underskott over fleire år, minimum 3, helst 5 år.

- I år med mykje sjukdom blant bøndene vil ordninga lett gå med underskott
- Ved underskott er det laget som må ta kostnadane på eiga drift, men ved overskott trekkje staten tilskottet inn att.
- Den usikre økonomien føre til at mange avløyssarlag vegre seg for å satse på faste stillingar.

Fordeling av unytta årsverk

Unytta årsverk må kunne omfordelast innan fylket og mellom fylker. Det må arbeidast for å få lik sakshandsaming og tolking av reglane i fylka.

- Om det frå år til år viser seg at årsverk vert unytta i einskilde lag må desse kunne omfordelast innan fylket. Om det frå år til år viser seg at eit fylke har unytta årsverk må andre fylke kunne overta desse.

Eigenmelding for bønder bør takast opp til ny vurdering

- Eigenmelding over tre dagar kunne tidlegare nyttast i landbruksvikarordninga, og denne må på plass att. Det er ikkje alltid råd å koma seg til lege for å få sjukemelding. Dette medføre at mange går for lenge, som igjen medføre lengre sjukemeldingar.

Sjukdom

Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga

For å ta att tidlegare tap i kostnadsutviklinga bør tilskott pr. dag under sjukdom i år aukast til kr. 1.600,-. Satsen må etter dette kvart år følgja kostnadsutviklinga.

- Når det gjeld avløyssing under sjukdom er den reelle kostnaden i 2011 kr. 1.598,00¹ pr. dag, medan tilskotet frå 1.1.2012 er kr. 1.300,- pr. dag. Dette medføre ein eigendel pr. dag på kr. 298,00. Ved langvarig sjukdom medføre dette ei stor økonomisk belastning i tillegg til sjukdomen. I verste fall, økonomisk ruin.

Avkorting mot andre lønsinntekter

For å få likehandsaming bør samordning av tilskott med lønsinntekt utanfor garden takast vekk.

- Det bør ikkje vera slik at bonden må subsidiere sjukdomsavløyssing på garden med andre inntekter. Om ein gardbrukar har arbeid ved sidan av gardsbruket og vert sjuk, samordnast tilskottet med sjukepengane brukaren får frå NAV eller privat arbeidsgjevar for arbeidet utanom garden. Sjølv om dette er inntekt som er relatert til arbeid utanom garden føre dei

¹ Kr. 213,10 pr. time x 7,5 timer



til trekk i tilskottet. Stram likviditet er ei viktig årsak til at mange bønder må arbeida utanfor garden. Desse bør ha dei same rettar som dei som arbeidar heiltid på garden.

Forskrifta må tilpassast folketrygda

Regelverk må følgje endringar i folketrygda, spesielt gjeld dette ved svangerskapspermisjon. Dette er eit viktig moment med tanke på rekruttering av unge til næringa.

- Spesielt har regelverket ved svangerskap sakka akterut i forhold til endringar som er gjort i Folketrygda. Tidskonto og forskyving/gradering av permisjon er ikkje tatt inn i forskrift. I tillegg er det på nokre andre områder og behov for tilpassing.

Krav til næringsinntekt for nyetablerte

Nyetablerte må sleppe krav til næringsinntekt for å få tilskott under sjukdom.

- Sjølv om det er rom til å gje dispensasjon så er dette eit usikkert moment. Bønder som har vært sambuar før dei vert gifte får ikkje dispensasjon frå kravet om næringsinntekt for nye brukarar. I andre samanhengar vert det operert med at ein må ha vore sambuar i minst to år før reglar gjeld. Det bør gjelde her og, særleg sidan sambuarar ikkje kan dela næringsinntekt i enkeltpersonføretak.

Ferie/fritid

Tilskottet må følgja kostnadsutviklinga

For å ta att tap i kostnadsutvikling bør tilskott ferie/fritid i år aukast til kr. 75.000,-. Satsen må etter dette kvart år følgja kostnadsutviklinga.

- Tal på dagar/timar ferie og fritid ein bonde får for tilskotet er kraftig redusert då utviklinga på tilskot ikkje følgjer kostnadsutviklinga. Sjølv om løna til avløyssarane er låg i forhold til mange andre yrkesgrupper er timeprisen bonden må betale for kvalifisert arbeidskraft i 2011 kr. 213,10² inklusive sosiale utgifter, forsikringar og administrasjon. Ein bonde med maks tilskot på kr. 66.600,- vil då kunne få ferie- og fritidsavløysing i ca. 312,5 timar eller ca. 41 dagar. I 1999 kosta arbeidskrafta 137,70³ i timen, og maks tilskot var kr. 48.000,-. Same bonden fekk då ca. 348,5 timar eller ca. 46 dagar ferie- og fritidsavløysing for tilskotet.

Ekstra utbetaling av tilskott ferie/fritid

Det bør innførast ei ekstra dokumentert utbetaling i februar, med søknad i august, for medlemmer av avløyssarlag.

- Å innføra ei ekstra dokumentert utbetaling løyse mange problem;
 - Unge bønder som startar opp slepp å forskuttere i 18 månader
 - Betre likviditet i ordninga fører til meir ferie/fritid for den einskilde
 - Avlastning ved ferie/fritid vil føre til mindre sjukdom og færre ulykker
 - Meir stabil sysselsetting av arbeidskraft, dvs. betre tilgong på kvalifisert arbeidskraft
 - Betre beredskap ved sjukdom
- Gode og stabile velferdsordningar er ein viktig faktor for rekruttering til næringa. Mangel på ferie og fritid er ein faktor som gjer at mange vel å slutta.

Med helsing
Norske Landbrukstenester

Frode Alfarnes
Dagleg leiar

² Minsteløn pr. time kr. 155,95. Sosiale kostnader, forsikring med mer 36,7 %

³ Løn pr. time kr. 103,05. Sosiale kostnader, forsikring med mer 33,6 %